

Naar Bladmannalaget skulde koma med ei festskrift, fann styret det turvande aa gjera raama so vid at ein fekk ei yversyn yver alt arbeid som hev vore gjort til aa reisa norske blad, heilt fraa »Dølen« sine dagar til no. Denne festskrifti femner soleis ikkje berre um lagssoga til Bladmannalaget og bladvokstren dei seinste 10 aari, men heile den norske bladsoga gjennom 65 aar er teki med. Vidare hev ein teke med biografiar av dei bladmenn som arbeider i norskmaalsbladi idag.

Stipendiat Anton Aure som i mange aar hev granska norsk bladsoga, hev skrive utsyni yver norske blad og biografiarne til norske bladmenn. Hans Aarnes som var upptaksmannen til Norsk Bladmannalag, hev skrive soga til laget. Han hev og havt meste arbeidet med tilbuingi av festskrifti.

Styret.

Naar Bladmannalaget skulde koma med ei festskrift, fann styret det turvande aa gjera raama so vid at ein fekk ei yversyn yver alt arbeid som hev vore gjort til aa reisa norske blad, heilt fraa »Dølen« sine dagar til no. Denne festskrifti femner soleis ikkje berre um lagssoga til Bladmannalaget og bladvokstren dei seinste 10 aari, men heile den norske bladsoga gjennom 65 aar er teki med. Vidare hev ein teke med biografiar av dei bladmenn som arbeider i norskmaalsbladi idag.

Stipendiat Anton Aure som i mange aar hev granska norsk bladsoga, hev skrive utsyni yver norske blad og biografiarne til norske bladmenn. Hans Aarnes som var upptaksmannen til Norsk Bladmannalag, hev skrive soga til laget. Han hev og havt meste arbeidet med tilbuingi av festskrifti.

Styret.

NORSKT BLADMANNALAG 1913—23.

Upptaket.

Etter kvart som dei norske bladi vaks og røta seg kring landet, og det tok til aa verta ikkje so faa som arbeidde med aa reisa det norske maalet gjennom pressa, melde den tanken seg nokso naturleg at ein samskipnad for norske blad og bladmenn var baade ynskjeleg og turvande til aa samla den norske pressa til størst mogeleg slagkraft og paagangsvilje samstundes som ein bygde ut grunnlaget for samarbeid i ymse leider.

Hans Aarnes tok opp tanken. Fraa Skien sende han 27. januar 1913 eit rundskriv til styrarar og utgjevarar av norskmaalsblad og medarbeidarar med oppmoding um at dei vilde segja si meining um skiping av eit landslag for norske blad og bladmenn. Mange svara, og alle var samde i at ein burde freista setja tanken i verk.

Arne Garborg var ein av dei fyrste til aa stydja opp under. Han skreiv m. a.:

»Um eg ikkje er Bladmann lenger, so hev eg røynt og set so mykje at eg veit, kor vel me treng det Styrkebelte som heiter Samhald. Og det vil turvast ikkje minst i dei Tidene som no kjem. Alt som kann styrkja Samarbeide utan Meinking for det frie Ordskifte vil vera godt. Og ei Lands-Samanskiping maa kunna vera til Hjelp her; Aarsmøte (og Sermøte) til Dryfting av Framgangsvilkaar og Framgangsleidir kann bli til stor Nytte.«

Haakon Aasvejen, styrar av Fjordenes Blad, Nordfjordeid, svara soleis:

»Eg er fullt med paa tanken um ein samskipnad millom alle maalbladi i landet, og eg bed Dykk bjoda inn til møte kvar og naar De finn det laglegast.«

Peter Benum, styrar av Haaløygen, Mosjøen, svara:

»Eg er heilt med paa den tanken aa faa i stand eit landslag for maalbladi. Det kunde sagte turvast. Slikt bal som vi hev

med aa halda maablåd over vatnet, so kunde det vore giltt aa havt den studnad som ei slik samskiping vilde gjæva.

Skipingsmøtet burde vel vera midt i landet, d. v. s. i Trondheim. Men daa dei fleste og største maabladi er paa Sørlandet, so høver vel Oslo best. Og eg trur det bør vera i juli eller august.»

L. Hielle, styrar av Aarvak, Aalesund, svara:

»Eg finn tanken um skiping av eit landslag for maabladi sers god og det er paa høg tid han er framkomen. Arbeid ut eit framlag til arbeidsplan og send rundt, so kvar kann uttala seg. Vonleg vert det raad aa faa med tyngdi.«

Albert Joleik, styrar og utgjævar av Spegielen, Trondheim, sende denne helsing:

»Berre de kunde leggja »dynamitt i borehola« paa riksmalsobstruksjonen, so hadde de æra av stræve med lags-skipnaden.«

Johs. Lavik, styrar av Gula Tidend, Bjørgvin, svara:

»Tviljaust vore det til stor hjelp fyr maabladi um me stod samanskipa. Eg skulde likevæl ynskja nøgnare nemnt *Avvål* laget var fyr. Eg vil nemna ein ting. Etter tariffen no millom bokprentarane og setjarane er der minst 10 % meir betaling sett fyr landsmaal. Dette turvte me sjaa faa burt.

Kannhenda kunde me faa sams arbeid for lysingar.

Sams telegram kunde me kann henda faa, um me alle førde same maalforn, men no naar kvar hev si, er det so som so.«

Vidare sagde desse seg viljuge til vera med aa skipa laget: Ingvald Forfang, Høgskulebladet, Fandrem, P. M. Gjærder, Norsk Toneblad, Volda, Jens Kvaale, Sogns Tidende, Sogndal, Karl Sjurset, Bjørgvin, Olav Haakonsson, Unglyvden, Voss, Ingebjørg Nybø, Unglyvden, Voss, Ludv. Bru, Hordaland, Voss, Nils Skaar, jr., Hordalands Folkeblad, Norheimsund, Olav Eide, Haugesund, Helge Nesheim, Jolehøgtid, Haugesund, Lars Risvoll, Rygia Tidend, Stavanger, Erik Gunleikson og Kristen Løland, Dølen, Risøyr, Olav Gullvaag, Norig, Skien, Anth. Norstraum, Andvake og Luren, Oslo, Olav Middtun, Syn og Segn, Oslo, Joh. B Mikalson, For Bygd og By, Oslo. Andr. Haavoll og Rasmus Steinsvik, Den 17de Mai, lova aa koma med naar laget var skipa.

Etter dette hadde umlag alle som arbeidde i norsksmaalbladi gjæve tanken um landslag sin studnad. Næste stiget vart aa faa

valt ei fyrebuingsemnd som skulde kalla inn til skipingsmøte og koma med framlegg til lov for laget. Ved skriftleg røysing millom dei som hadde sagt seg med, vart desse valde til fyrebuingsemnd: Hans Aarnes, Skien, Olav Middtun, Stabekk og Johs. Lavik, Bjørgvin.

Laget vert skipa.

I dagarne 5.—7. juli 1913 heldt Noregs ungdomslag si aarsstemna i Skien. Ein venta at mange norsksmaalbladmenn vilde koma til denne stemna og difor vedtok arbeidsnemndi for bladmannalaget aa kalla inn til skipingsmøte i Skien. Sondag 6. juli kl. 9 fyremiddag vart skipingsmøtet sett i bladstova til Norig. Umfram dei tri mennerne i arbeidsnemndi, Hans Aarnes, Olav Middtun og Johs. Lavik, var desse til stades: Albert Joleik, Lars Risvoll, Olav Gullvaag, Jens Kvaale og bokprentar Alb. Johansen fraa Oslo.

Hans Aarnes vart vald til aa styra møtet. Han heldt fyrst ein minnetale yver bladstyrar Rasmus Steinsvik som nyleg var avliden. Deretter gjekk ein yver til aa dryfta spursmaalet um skiping av landslag for norske blad og bladmenn. Der var full sernja um at laget burde skipast og etter framlegg fraa arbeidsnemndi vart denne lovi (skrivi av bladstyrar Lavik i hans sermerkte maalforn) samrøystes vedteki:

§ 1.

Norsk bladmannalag er ein samskipnad til fremd av maaltreisimgi, serreisimgi av norske blad, og til fremd av deira standsbatar som arbeider i bladi.

Med i laget kann vera:

- a. fastlente bladskrivarar ved heilnorske blad og medarbeidarar ved slike blad. Um eit blad hev innsendarar paa dansk, er det ikkje fyr det utestengt fraa denne samskipnad.
 - b. Eigarar elder driftsfornarar av heilnorske blad.
- Lagsmenne vert upptekne av stjorni, som og kan striuka lagsmenne. Baade upptakings- og stritkingsspursmaal kann verfa skotte til avgjerdsia i lagsmøte. Dei som er med ved skipingl er dermed lagsmenne.

§ 2.

Høgste magt er lagsmøte som vert samankalla av stjorni naar ho fyrfinn, men som i alle høve vert samankalla i høveleg tid fyre det møte i

Noregs maallag som avgjer program fyr stortingsvalet, soleis at bladmannalaget kann raadleggja um dei saker som der skal fyre og freista faa sendemann der um det so ynskjer. Stjorni skal ved innkallingi gjeva fraasegn um dei saker ho vil hava fyre. Saker som kjem upp sehnare eller kjem upp under lagsmøtet, gjer møtet med som det vil. Stjorni legg fram til kvart lagsmøte etterseidd rekneskap. Ved kvart lagsmøte vert vald ei stjorn paa 3 menn med like mange varar menn. Eit lagsmøte kann likevel vedtaka at val elder noko av valet skal standa til næste lagsmøte. Men i alle høve skal stjorni verta vald i det møte som gjeng fyre Noregs maallags aarsmøte. Ingen kann seigia nei til aa stija i stjorni, men hev ein site kann ein krevja seg fritteken dubbelt so lenge som ein hev site.

Spuusmaal um standsbate kann berre dei som gjeng inn under § 1 a vera med aa avgjera.

Norsk bladmannalag kann ikkje taka nokoslag bindande avgjerdslor um rettskrivning elder maalformer.

§ 3.

Stjorni styrer laget mellom lagsmøti. Ho vel sjølv formann som dermed er formann i laget. Ho set og kasserar.

§ 4.

Dei lagsmenn som er nemnde under b vel paa lagsmøtet ei driftsstjoringnemnd paa 3 menn, med like mange varar menn, til aa arbeida fyrsams avgjerdslor av spuusmaal um bladdrifti soleis:

Spuusmaalet um lønerne i prenteverki.

„ „ lysingsprisar og lysingssemjor,

„ „ sams meldingar av nytt til maalbladi.

I slike saker hev og berre dei som er nemnde under b røyserett. — Ingi avgjerdsla i slike saker er bindande fyr noko blad, fyrr ho er underskrivi av den som eig retten til aa underskriva fyr bladet.

§ 5.

Bridge i desse løger, og alle andre avgjerdslor, vert fjorde med vanleg fleirtal.

Sehnast i 1916 skal logerne verta upptekne til ny vedaking, og daa skal verta avgjort um det som er nemnt under § 4 skal verta skilt ut til eige lag.

Til styre for laget vart valt Hans Aarnes, formann, Albert Joleik, varaformann og Lars Risvoll, kassestyrrar.

Til driftsnemnd vart valt Johs. Lavik, formann, Olav Midtun og Jens Kvaale.

Ved skipingi hadde laget 24 lagsmenn, men fleire melde seg etter kvart, so ved utgangen av fyrste aaret hadde laget 42 lagsmenn. Paa aarsmøtet i Oslo 3. juli 1914 vart lagsspengarne fastsett til 4 kr. aaret. Fraa 1920 vart dei auka til 10 kr. aaret. Laget hev heilt sidan skipingi vore med i Noregs maallag.

Lagsarbeidet.

Bladmannalaget hev fraa det vart skipa, halde seg i fremste lina i norskdomsreisningi. Det hev maalbore norske krav med fraasegner til styresmagterne og med uppsejing av maalprogram til stortingsvali. Vidare hev laget arbeidd med ymse praktiske tiltak til studnad av norskdomsframgangen — alltid i nært samarbeid med maal- og ungdomssamskipnaderne i landet.

Dei offentlege lysingarne. Aarsmøtet i 1914 vedtok aa beda riksstyret gjera det til fast regel at norsksmaalsbladi kring um i landet fær dei offentlege lysingarne. Fyretejingi vart send gjennom Noregs maallag og hadde denne ordlyd:

Noregs maallag bed riksradet gjera det til fast regel at offentlege lysingar vert sende til norsksmaalsbladi kringum i landet likesovel som til dei norsk-danske bladi. Det er so mange no som lyt fylgja med i dei offentlege lysingarne at maalbladi kann ikkje faa full framgang, naar dei ikkje fær desse lysingarne. Mellom tingarane aat norsksmaalsbladi er der og mange som ikkje hev raad til aa halda andre blad, og det er soleis eit rettvisit krav at dei fær høve til aa sjaa dei offentlege lysingarne i sine egne blad.

Statstipendi til bladmenn. Aarsmøtet 24. februar 1917 vedtok denne fyretejing:

Norskt Bladmannalag bed kyrkjedepartementet ved uttejingi av stipend av riksmidlar taka meir umsyn til dei som arbeider i norsksmaalsbladi. Som stoda no er bør minst fjordeparten av stipendpengarne verta utteta til bladmenn som er fast tilsette i norsksmaalsbladi.

Lysingsbyraai lyt nytta norsk. Aarsmøtet 1920 vedtok aa senda eit rundskriv til alle lysingsbyraa med bøn um at dei lysingar som skal staa paa norsk, maa verta utsende paa norsk fraa byraai, so norsksmaalsbladi slepp umsetjingsarbeidet.

Skuldrev paa norsk. Daa statslanet i 1920 vart utlagt, teikna Bladmannalaget seg for 5000 kr. paa det vilkoret at skuldbrevi kom paa norsk. Det vart reist agitasjon for dette gjennom blad og lag og bankar, og det vart teikna ein heil slump pengar i statslanet paa det vilkoret som Bladmannalaget hadde sett,

at skuldbrevi skulde koma paa norsk. Finansdepartementet som den gongen var styrt av Gunnar Knudsen, let tvert og vilde ikkje prenta skuldbrev paa norsk. Millom dei mange rare innvendingar finansministeren kom med, var ogsaa at skuldbrev paa norsk ikkje kom til aa verta umsette paa marknaden av di ingen vilde kjøpe dei.

Paa aarsmøtet 1920 vart det samrøystes vedteke aa senda finansdepartementet denne frasegn:

Aarsmøtet i Norsk Bladmannelag minner um den retten det norske maalet eig, og stydjer kravet um at skuldbrevi i landslaanet med rentesettlar vert prenta paa norsk, anten alle berre paa norsk eller soleis at den norske og den danske teksten kjem sida um sida paa alle skuldbrevi og rentesettlarne.

Dette um *kortleis* ein skulde gjera prentingi vart teke med som eit svar til Gunnar Knudsen, av di han ogsaa hadde halde fram at der var vanskar med aa prenta ein slump skuldbrev paa norsk og ein annan slump paa dansk. Bladmannelaget peika paa at denne vansken var lett aa koma yver. Ein kunde prenta alle skuldbrev paa norsk eller setja den norske og danske teksten sida um sida paa alle skuldbrevi.

Trykket fraa maalfolket vart tilslutt for svært for finansministeren, han laut gjeva upp alle innvendingarne sine og lata skuldbrevi verta prenta paa norsk til alle som kravde det.

Paa aarsmøtet i Aalesund 1. og 2. april 1923 gjorde laget desse vedtak:


Stordugnad til aa spreida norske blad. Norsk Bladmannelag bed styret i Noregs maallag til komande haust skipa til ein stordugnad, soleis at alle maallag og ungdomslag i landet vert med i arbeidet for aa faa norske blad inn i alle heimnar. Ein vil raada til at baade landslaget, fylkeslag og einskildlag set upp premiar til aa kveikja kappelhugen i tingarsankingsarbeidet.

Større tilgang paa lysingar. Norsk Bladmannelag bed Noregs maallag beda alle sine einskildlag arbeida for aa skaffa norskaaalsbladi større tilgang paa lysingar. Serleg vil ein peika paa at alle lysingar fraa bygdestyre og bygdetiltak maa vera aa finna i norskaaalsbladi. Likeins bør maallagi taka upp eit fast arbeid for aa faa forretningsfolket i byarne til aa skynda det store verd norskaaalsbladi hev i lysingsvegen.


Det noverande styre i Norsk Bladmannelag



Hans Aarnes
formann.



Einar Breidsvoll
varafornmann.



L. Hjelle
kassstyrar.

Lokalbladi lvt kasta dansken. I dei landsluter der norsken er innført i styringsverket lvt maallag og ungdomslag setja krav til lokalbladi um at bladstyret brukar berre norsk.

Alle desse vedtaki vart godtekne av aarsmøtet i Noregs maallag som vart halde 2. april.

Full oppsjørd med Danmark. I tilhøve Grønlandssaki vedtck aarsmøtet i Bladmannelaget 1. april 1923 denne fraasegn:

Til storting og riksstyre!

Norskt Bladmannelag bed riksmagterne vaare taka full oppgjørd med Danmark paa det grunnlag at Kieltaktaten ikkje er godkjend. Dei norske rettskravi som hev vore framdrygde sidan 1814, lvt no faa si løysing.

Maalprogram.

Sidan 1915 hev Bladmannelaget sett upp maalprogram til kvart stortingssval. Programmi lyder slik:

1915.

§ 1.

Odelstingsvedtaket fraa 1878 um talenalet i skulen vert loyalt gjennomført. Like eins norsken sin rett i samhøve med stortingssvedtaket av 1885. Maali vert aa nemna norsk og norsk-dansk.

§ 2.

Landsens lover maa etter kvart verta gjevne paa norsk. Alle fyrerit (skema og blanketar) fraa offentlege kontor skal verta aa faa paa norsk. Alle offentlege kontor skal etter kvart nytta norsk. Naar offentlege tenestemenn vert innsette, maa difor den regelen gielda at den som kann baade norsk og norsk-dansk, og elles er velskikka for den ledige posten, bør gannga framum den som berre kann det eine av desse maali.

§ 3.

Loverne bør byggja paa den grunnsetning at det vert so stor personleg fridom i maalvegen som rimelegt er. Soleis bør skulestvi hava skyldnad til aa skipa parallelklassor i norsk der det kann gjerast utan nemnande meirkosnad for stat og kommune.

§ 4.

Dei nye fire aars gymnas som me no skal faa etter kvart, maa hava norsk til opplæringsmaal.

1918.

Det norske maalet skal verta lovfest einaste riksmaal i landet, lovfest hovudmaal i alle riksskular og riksstudde skular fraa folkeskulen til allskulen, lovfest hovudmaal i alle handelsskular som vert godkjende av departementet lovfest kyrkjenmaal i den norske statskyrka.

Riksstyringi skal syta for at alle nye lover vert gjevne paa norsk.

Alle offentlege tenestemenn og offentlege kontor skal vera skyldige til viljngt aa arbeida for gjennomføring av norsken.

Riksmalsskiftet skal verta gjennomført etter ein fast plan for heile landet. Ved yvergangen til det norske riksmålet skal ein taka rimelegt omsyn til dei offentlege tenestemenn som no er, soleis skal dei som ikkje kann norsk, faa lov aa bruka dansk til hjelpemaal si tid ut.

Attraat programmet vart vedteke sovori fraasegn til maal-folket:

Til tingmenn og nemndarmenn lvt verta valde menn som brukar norsk maal og vil skriva loverne og dei offentlege fyresegnerne paa norsk. I ollo lvt me baade til umbod og elles velja menn som brukar norsk. Det er det fyrste maalfolket lvt gjera. Mennene er viktugare enn programmet. Bladmannelaget vil beda alle maallag gripa inn i valet etter beste evna paa den maaten at det vert teke menn som brukar norsk.

1921.

Det norske maalet skal verta lovfest til einaste riksmaal i landet. Difor krev me no:

1. Skuleverket skal verta skipa so at det paa alle steg i opplæringi vert skular med fullnorsk opplæring og elles høve til aa læra norsk ved alle skular.

2. Fire aars gymnas for bondeungdom med norsk til opplæringsmaal skal verta reiste i alle landsluter snarast raad er. Fire aars gymnas for bondeungdom med dansk til opplæringsmaal fær ikkje riksstudnad.

3. Nye lover skal verta gjevne berre paa norsk. Alle offentlege fyresegner, skema og kunningeringar skal koma paa norsk. Innskrifti paa penkarne vaare skal vera paa norsk. Alle offentlege kontor skal etter kvart nytta norsk.

4. Aarvise skeid i norskupplæring for offentlege tenestemenn i alle tenestegreiner.

I dei seinare aari hev Bladmannelaget gienge i brodden med aa setja upp djerve maalprogram. Ein hadde tidlegare halde seg til stortingssvedtaket fraa 1885 um jamstellingi, men i 1918 sette Bladmannelaget upp eit program som gjekk lenger enn

jamstillingi, med di det peika paa at det endelege maalet for maalfreisingi laut vera aa faa norsken lovfest til einaste riksmaal i landet.

Vestlandske maallag som straks etter hadde aarsmøte, tok upp Bladmannalaget sitt program soleis: Det norske maalet skal verta atterreist til einaste riksmaal i landet.

Styret i Noregs maallag vedtok likeins aa setja same innlei- ding yver sitt program, men det fekk ikkje fleirtal paa aars- møtet paa Eidsvoll 1918. Derimot vart det vedteke paa aars- møtet i Oslo 1921.

Programmet um norsken til einaste riksmaal i landet hev skuva maalstriden nærare inn paa livet paa danemaalsmen- nerne, og denne auka striden hev vore til bate for maalsakti.

Stipendkassa.

Trongen til aa komra ut og læra hev alltid vore stor hjaa bladmennerne i norsksmaalsbladi. Dei hev vore iduge til aa søkia statsstipendi, og i dei seinare aar lyt ein vel segja at dei hev fenge sin lut av desse stipend, men det hev like vel vore trong til meir. Difor kom den tanken upp at Bladmannalaget burde faa si elgi stipendkassa, so laget kvart aar kunde etla ut eit ferdastipend til ein av lagsmennerne sine. Paa aarsmøtet i Bjørgvin 24. februar 1917 vart denne saki dryft, og etter fram- legg fraa styret vart gjort sovore vedtak:

Norskt Bladmanna- lag skipar ei stipendkassa for lagsmen- nerne sine. Kassa skal hava ein grunnmiddel paa minst 20,000 — tjuge tusund — krunor, og denne summen skal vert reist so ein alt til 1918 kann etla ut eit stipend. Berre rentorne av grunn- midelen kann ein bruka. Nøgnare reglar for utdeling av sti- pend vert utarbeide av styret og godkjende paa neste aars- møte.

Styret fær fullmakt til aa setja i gang innsamling.

Det fyrste lag som ytte tilskot til stipendkassa var Vest- landske maallag som paa aarsmøtet 1917 løyvde 2000 krunor. Deretter kom Bondungsdoms- laget i Bjørgvin med 2000, Vest- manna- laget med 500, Maallaget i Haugesund 500, Maallaget i

Kristiansand 500, Bondungsdoms- laget i Oslo 750 og ei rekkja andre maallag og ungdomslag. Dessutan gjorde formannen ei innsamlingsferd paa Austland, Sørland og Vestland og samla inn 8—10 000 krunor. Til aarsmøtet 16. juni 1918 hadde stipend- fondet naatt 18 000 kr., men noko av dette var berre teikna og ikkje innbetala.

Aarsmøtet vedtok desse reglar for stipendkassa:

1. Stipendi kann søkijast av lagsfolk som er fast tisetse bladmenner i norsksmaalsbladi.
2. Styret etlar ut stipendi etter tilrading fraa ei nemd paa tri mann, valde av aarsmøtet.
3. Stipendi kann nyttast baade til innanlands- og utanlandsferd.
4. I søknaden lyt søkjarane nemna korleis dei tenkier aa nytta stipen- det. Dei som fær stipend, skal so snart ferdi er ende, gjeva ei skriftleg utgreiding til styret. Denne utgreidingi kann styret prenta og senda ikring til lemerne av Norskt Bladmanna- lag, um det so fyrefinn.

Til aarsmøtet paa Voss 17. april 1919 kunde formannen melda at stipendfondet hadde naatt kr. 19 603,00, so det vanta berre 397 kr. paa at den fastsette summen var naadd. Daa aars- møtet kjende seg trygg paa at ein ogso vilde faa desse 397 kr. um ikkje lenge, og stipendkassa soleis etter fyresnaden kunde takast i bruk, vart det samrøystes vedteke aa setja upp eit sti- pend paa 750 kr. for 1919. Til stipendnemnd vart valt Johs. La- vilk, Bjørgvin, Ludv. Bru, Voss, og Einar Breidsvoll, Oslo.

Det melde seg 7 søkjarar. Redasjonssekretter L. Hjelle, Gula Tidend, vart den lukkelege som fekk stipendet. Han nytta det til ei innanlands studieferd, serleg studera han maal og kultur paa Austlandet.

Ogso for 1920 vart stipendet sett til 750 kr. Til stipend- nemnd vart valt L. Hjelle, Bjørgvin, Ivar Høvik, Kristiansand, og Daniel Høiset, Oslo. Stipendet vart dette aaret gjeve til re- daktionssekretter i Gula Tidend og styrar for Bladmanna- skulen, Hans Aarnes, til ei ferd i Sverike og Danmark. Han studera bladdrift og bladarbeid.

For 1921 vart stipendet sett til 1000 kr.. Til stipendnemnd vart valt A. Berge, Bjørgvin, K. Lydvo, Voss, og Arne Falk, Oslo. Stipendet vart gjeve til bladmann Anton Beinset i Den 17de Mai til ei innanlands studieferd. Han reiste serleg paa Vestlandet og studera livekaari i bygdene.

For 1922 vart stipendet sett til 750 kr. Til stipendnemnd vart valt Anders Hamre, Oslo, Olav Gullvaag, Bjergvin, og Ivar Høvik, Kristiansand. Stipendet vart gjeve til styraren for Norsk Pressekontor, Daniel Helset, Oslo, til ei studieferd i England, Frankrike og Tyskland. Han studera serleg arbeidet ved dei store hovudstadsbladi i London, Paris og Berlin. Dessutan freista han aa setja seg inn i dei politiske straumdragi. Stipendiaten segjer i meldingj si at turen var sers lærerik for honom, serleg sidan det var fyrste gongen han hadde høve til aa vitja England og Frankrike.

For 1923 vart stipendet sett til 750 kr. Til stipendnemnd vart valt Anders Hamre, David (Jjerne og Anton Beinset. Stipendet vart gjeve til bladstyrar Jens Nederhagen, Fjordabladet, Nordfjordeid, til ei studieferd i Tyskland og Austerrike.

Naar grunnmidelen til stipendkassa vart sett til 20 000 kr., so var det med den fyresetnad at ein kvart aar skulde faa so mykje rentor at ein hadde eit stipend paa 1000 kr. aa etta ut. Dei 20 000 kr. fekk ein fullteikna i 1919, men daa det hev vore uraad aa faa alle løyvingar imbetala, hev ein dei seinste aari ikkje kunna etta ut større stipend enn 750 kr. Grunnmidelen til stipendkassa er no kring 15 000. Av dette stend 8000 kr. i 5 1/2 % statsskuldrev av 1918 og 5000 kr. i 6 % statsskuldrev av 1920. Aa faa stipendfondet auka, lyt vera eit av dei maal Bladmannalaget tek sikte paa for framtidi. Faa ting kann gjeva maabladi sterkare kveik og næring enn at unge, lærelunga bladmen fær koma ut og henta nye idear og arbeidsmaatar, og setja seg inn i tidstankarne som rører seg ute i verdi.

Pressekort.

Aarsmøtet paa Voss 17. april 1919 vedtok aa beda styret taka upp til dryfting spursmaalet um pressekort for lagsmennerne og prøva skipa det soleis at lagsmennerne paa korti kunde faa so mange fyremuner som mogeteg.

Styret vende seg til Det norske teatret, som straks gjekk med paa at lagskortet til Norsk Bladmannalag skulde gjeva tilgjenge til teatret sine framsyningar. Vidare sjekk ein ut fraa

at kortet maatte gjeva tilgjenge til alle tilstellingar som vert tilskipa av maallag og ungdomslag.

Til merke for Bladmannalaget fekk styret Rudolf Krog til aa laga ei litt teikning av Odin og rammarne hans, Hugin og Munin (den eldste form for nyhendefretting). Denne teikning vart prenta paa framsida av kortet og innvendes paa 3dje sida kom teksten. Desse tvo sidorne ser daa soleis ut:



Kortet gjev tilgjenge til Det norske teatret og alle stemnor, konsertar, marknader, gilde, skodespel-framsyningar eller andre tilstellingar som er tilskipa av maallag og ungdomslag.

Styret i
Norsk Bladmannalag.

Paa andre sida er plass til namn og bilete av bladmannen. Kortet hev i mange høve synt seg nyttigt til legitimationskort, og for bladmenn som skal ut aa reisa er det radt umissande. Dertil er det det venaste pressekort i landet, prenta paa raudt skinn med gyllt umslagsteikning.

Bladmannaskulen.

Haussten og vinteren 1918—1919 var Hans Aarnes eit halvt aar i Amerika og studera bladarbeid og bladmannsupplæring. Han hadde stipend av staten og Bergens Journalistforening og var innun fire journalistskular paa ferdi. Daa han kom heimatt heidd han foredrag i Bladmannalaget paa aarsmøtet paa Voss um journalistskular i Amerika og sette fram tanken um aa freista med liknande opplæring her i landet. Tanken vart vel motteken og styret vart bede um aa arbeida vidare med saki.

Syret fann det ynskjeleg aa faa i gang ein norsk bladmannaskule og raadde til skiping etter denne plan:

Plan for Bladmannaskulen.

Fyrre malet med Bladmannaskulen er aa gjeva unge menn og kvende opplæring i praktisk bladarbeid samstundes som ein freistar vidka og bygja upp deira kunnskapar i dei emne som er mest naudsynte for bladfolk: socialøkonomi, samfunnsrett, næringsliv, språk, landkunna og saga.

Uptaking: Lærsevnear: Dei som skal verta tekne til lærsevnear paa Bladmannaskulen lyt helst hava eksamen-artium fraa eit gymnas der norsk landsmaal er opplæringsmaalet. I anna høve lyt dei hava aalmenn opplæring som svarar nokolunde til gymnasen. Sers vilt vert det lagt paa at dei som skal verta upptekne er flinke i norsk stil. Kunna i framande maal er ikkje avgjerande for upptaking, daa desse emne er valfrie. Søkiarane lyt og leggja fram vitnemal for god framferd.

Syret for skulen saman med skulestyraren stend fyre upptaking.

Hospitantar: Skulen er open for bladmenn yver 23 aar som hev arbeid minst i aar ved norsksmaalsblad og ynskjer vitja skulen i lenger eller stuttare tid for aa auka sine kunnskapar i praktisk eller teoretisk laid.

Skeideter er 8 maanader i eit aar, skift i tvo bolkar. Skulen byrjar med haustbolken som tek til 1. september og varer til 20. december. Vaarbolken tek til 10. januar og varer til 30. april.

Skulepengarne er 30 krunor maanaden. I dette er medrekna skrivneskimeitga, telefonleiga og andre hjelpemiddel som lærsevnein fær lov aa nytta paa skulen. Skulepengarne vert lagde den fyrste skuledag i kvar maanad.

Lære-emne.

Bladarbeid. Nyhendefretting: Korleis ein skal faa tak i nytt og korleis ein skal skriva det. Rettleiing og øving i aa taka imot nytt i telefonen og fraa telegraf, like eins aa senda nytt i telefon og telegraf. Organisering av nyhendekjeldor til eit dagblad eller eit blad som klem 2—3 gonger i vika. Øvingarne vert knytte til dagblad og vikeblad som klem ut paa norsk kring um i landet. Manuskrift-retting og utstyring. Korrekturlesing. Blæte i blad.

Bladteknik: Korleis ein skal skipa stoffet i eit blad, so det baaede ter seg fint fram og er greidd for lesaren. Korleis ein skal skipa arbeidet i ei bladstova. Hjelpemiddel som er naudsynte og korleis ein skal skipa dei, skal ein kunna arbeida snøgt og lett.

Rettleiing og øving i aa skriva leidande politiske artiklar og utgreidingar til tidskrifter. 10 timar for vika.)

Prenting. Lærsevnearne fær sjaa kva som høyrer til eit tidhøveleg prenteverk, lyt læra dei namn og nemningar som vert bruka der og setja seg inn i korleis eit prenteverk arbeider. (1 time for vika.)

Driftstyring og forretningsførsla. Korleis ein skal skipa bokførsla og driftstyring i eit blad. Utsegnng av bladet. Tingarsanking og lysingssanking. (1 time for vika.)

Umsetting fraa framande maal. Utgreiding um dei blad i Sverige, Finland og Danmark som er høvelege aa fylgja med i og setja um fraa til den norske pressa. Rettleiing og øving i aa setja um fraa dansk og svensk til norsk. Sameleis utgreiding um islandsk og færøysk blad og rettleiing og øving i aa setja um fraa islandsk og færøysk. (3 timar for vika.)

Valfritt: Dei som kann fransk, engelsk eller tysk, kann faa rettleiing og øving i aa setja um fraa blad paa desse maal.

Heimssoga i nyare tid. Orsakene til ymse umskifte som hev ført til atterslag eller framgang hia førande nationar. Utsyn yver Noregs saga, serleg den kulturelle, økonomiske og sociale reising dei siste tvo tri mannsaldrane. (1 time for vika.)

Landkunna, serleg paa dei økonomiske umkverve. Folkelæra. Dei ymse næringsgreiner i Noreg jmførde med andre land. Næringsstatistikk. (1 time for vika.)

Samfundslæra. Det norske statsamfund med alle sine styresgreiner. Fylkesstyre, bystyre og heradsstyre. Statsinngemor. Det ymse princip skattelegging i bygd paa. Statsulggør. Statsbudgettet med serbudget.

Socialøkonomi. Den økonomiske saga. Vokstren i økonomien. Verdelæra. Produksjonslæra. Fri økonomisk teiving. Læra um vinstbytte, jordrenta, arbeidsløn, kapitalrenta og driftsforreivingning. Umsetnad. Forbruk. Sandriftsførsla. Penge- og bankstellet. Det noverande økonomiske samfund. (1 time for vika.)

Rettsvitskap. Grundrag i rettslæra og dei ymse rettsskipnader. Utgreiding av dei loverne som vedkjem utgjevning og prenting av bøker og blad. (1 time for vika.)

Jordbruket. Ei stutt utsyn yver jordbruket som næringsveg i Noreg og andre land. Litt um bondesoga og dei økonomiske framgangsvegane ein hev freista. (1 time for vika.)

Fiske. Utsyn yver det som livet i havet. Den moderne norske fiske-drift kring Noregs strender, i Ishavet, ved Island og andre stader. (1 time for vika i fyrste halvparten av skeidet.)

Skipsterdsla. Skipstypor. Stømannskap. Grundrag i navigasjon. Den norske handelsfloten jantør med handelsloftane aat andre land. (1 time for vika i andre halvparten av skeidet.)

Handel. Ymse skipnader med handelen. Noregs utrikshandel, innførsla og utførsla. Handelspolitikk. Vikori for handel med utlandet. Tollpolitikk. (1 time for vika.)

Industri. Populær-vitskaplege utgreidingar med tilhjelp av blæte um: Industrien si stoda til andre næringsgreiner. Utvining og tilverknad av jarn, staal og andre metal og legeringar. Materialprøving. Verktad-

Industri. Skipsbygning. Kraftmaskiner til stationære og mobile fyrstaal. Kraftoverføring. Trevarerindustri, sellulose, papir. Ymse kemiske og mekaniske industrigreiner som døme paa moderne fabrikkation. Alt forma med sers sikte paa at læresveinarnar fær kjennskap til kva tilhøve det er som grunnleggjande for dei noverande ovringstyper for industrien. (1 time for vika.)

Norsk. Ein gjeng gjennom den norske malleira og stillera. Munnlege og skriftlege øvingar i aa bygja upp ein kjaar og formfin norsk (4 timar for vika.)

Bladsoga. Kravi som hev skapt blad. Bladvokstren, serleg den seinste mannsaldren, med den nationale og sociale folkerøising til bakgrunn. Partipressa. Røynslor fraa arbeidet med norsksmaalspressa. (1 time for vika.)

Maskinskriving og brevbytte. Lærnad i aa skriva paa ymse maskiner og korleis ein skal stlla dei. Lærnad og øving i aa skriva forretningsbrev paa norsk. (1 time for vika.)

Stenografi etter Gabelsbergers system. Lærnad og øving i aa stenoграфera bladytt, so læresveinarnar kann verfa føre til aa taka upp etter diktat i telefonen.

Stenografoppøving er berre for dei som ynskjer det. (2 timar for vika.)

Skuletid. Den vanlege skuletidi er fraa 9 til 2 kvar dag. Dessutan er der ein time paa ettermiddag sume dagar. Ymse heimeoppgavar vert gjevne. Ike eins praktiske bladmannsuppgavar ute i byen eller i nærske bygdene.

Serskilde fyrlesingar. Ein ettermiddag kvar fjortande dag eller oftare um det høver, skipar skulen til serskilde fyrlesingar yver ymse aktuelle emne. Desse fyrlesingar vert haldne av imbedne offentlege temestemenn, forretningsmenn, bladmenn og politikkarar.

Bøker. Læresveinarnar lyt kjøpa ymse bøker i nyare heimssoga, økonomisk landkunna, samfundslæra, socialøkonomi, rettsvitenskap og handel. Elles fær læresveinarnar laana bøker fritt fraa Bergens offentlege bibliotek. Skulen emnar dessutan paa aa faa eige bibliotek. Det vert serleg bøker um bladmannsarbeid, ordbøker og allkunnebøker, personalsoga, kartverk og statistikk.

Blad og tidskrifter. Skulen fær flestalle blad og tidskrifter som klejn ut i Norge. Desse vert utlagde i leseromet, so læresveinarnar haade kann fylkja med i dagens hendingar og studera utsyr og skipnad i dei ymse blad.

Fraa utlandet syter skulen for eit utval av dei fremste blad og tidskrifter. Avrangsvitnemaal. Naar skeidet er ende, fær læresveinen eit avgangsvitnemaal som er underskrive av styraren og lærarane ved skulen. Vitnemalet er utdrag av karakterane som læresveinen hev fenge under heile skuletidi.

Um skulesaki vart det halde aalmannamøte i Bladmannalaget 27. juli 1919 i Bjørgvin. Det vart vedteke aa setja skulen i gang etter den plan som styret hadde lagt fram, um mogeleg alt fraa hausten 1919.

Til styre og raad for skulen vart desse valde:

Raad: Storhandlar Alexander Lundervoll, Oslo, storhandlar Einar Lunde, Lillehamar, disponent Skajaa, Kristiansand S., professor Torleiv Hannaas, Bjørgvin, ordførar N. J. Finne, Voss, Yr.saktørar Karl Aarsæther, Aalesund, forretningsførar Olav Dalaker, Nidaros.

Vara menn: Direktør E. Berdal, Oslo, bokmann Sven Moren, Trvsil, høgskulestyrar Olaus Islandsmoen, Brandbu, direktør Per Mortenson, Kongsberg, kaupmann Svein Myrann, Skien, bokhandlar Nils Sund, Haugesund, kaupmann Olav O. Aga, Odda.

Styre: Bladmann Hans Aarnes, Bjørgvin, disponent C. B. Bugge, Bjørgvin, bladstyrar Ludv. Bru, Voss.

Vara menn: Bokhandlar Kr. Madsen, Bjørgvin, skulestyrar Lars Risvoll, Stavanger, bonde Hans Huglen, Stord.

Styret for Bladmannalaget vart paalagt aa senda søknad til riksmagterne um tilskot til drift av skulen og til elevstjøpend. Vidare vart det vedteke aa setja i gang innsamling til eit fond til hjelp for skulen.

Styret for Bladmannaskulen hadde sitt fyrste møte 29. juli. Til formann i styret vart vald Hans Aarnes. Det vart vedteke aa tinga lærarar til skulen, leiga husrom og søkja nokre norskdomsstiltak i Bjørgvin um trygd for underskotel paa drifti. Det gjekk greidd aa faa baade husrom, lærarar og trygd. Desse vart feste til lærarar:

Bladmann Hans Aarnes, styrar for skulen og lærar i bladarbeid og bladeteknik. Bladmann Haakon Torsvik, bladarbeid og bladeteknik. Bladstyrar Albert Joleik, omsetjing fraa svensk, dansk, islandsk, færøysk, engelsk, fransk og tysk. Professor Torleiv Hannaas, norsk og bladsoga. Lektor Seim, nyare heimssoga. Kand. økon. H. R. Hjortnes, samfundslæra, socialøkonomi, handel og økonomisk landkunna. Yverretssaktørar J. Endresgaard, rettsvitenskap. Jordbrukskandidat Sigurd Liland, jordbruk. Skipsreidar Adolf Anderssen, skipsferdsla. Fiskekonsulent Thor Iversen, fiske. Ingeniør Hans Tveit, industri. Forretningsførar K. Ingvaldstad, driftsstyring og forretningsførsla. Handelslærer Hans Nordhuus, maskinskriving, brevbytte og stenografi.

Skulen vart utlyst i fyrste dagarne av september. Det melde seg 13 elevar fraa ymse kantar av landet. Av desse møtte 9 og skeidet tok til i festsalen paa Firdaheimen 1. oktober 1919.

Desse 8 gjekk skeidet ut og fekk vitnemaa! : Edvin Bjørkevik, Sogn, Magnus Breilid, Agder, B. A. Grøsfjell, Rogaland, Torjus Laupedalen, Telemark, Daniel Liset, Sunnhordland, Harald Rekeland, Rogaland, Eirik Sundvor, Bjørgvin, Magne Verge-land, Sogn.

Andre aarsskeidet ved Bladmanskulen vart sett i gang 1. september 1920 med desse lærarar:

Bladmenn Hans Aarnes, styrar for skulen og lærar i bladarbeid og bladteknik, umsetjing fraa framande maal. Bladmenn Haakon Torsvik, bladarbeid og bladteknik. Professor Torleiv Hannaas, bladsoga. Bladmenn Anders Berge, norsk og nyare heimssoga. Kand. økon. H. R. Hjortnes, samfundslæra, social-økonomi, handel og økonomisk landkunna. Yverrettsakfører J. Endregard, rettsvitskap. Jordbrukskandidat Sigurd Liland, jordbruk. Fiskekonsulent Thor Iversen, fiske. Ingeniør Hans Tveit, industri. Forretningsfører R. Ingvaldstad, driftsstyring og forretningsførsla. Handelslærer Hans Nordhuus, maskinskriving, brevbytte og stenografi.

Til skeidet melde seg 12 elevar, men berre 9 møtte. Hans Tunge, Karmøy, var med nokre vikor utyver hausten og Aksel Røyland, Jæren, slutta til jol. Desse 7 gjekk skeidet ut og fekk vitnemaa! : Vilhelm Bergsagel, Rogaland, G. G. Moseidjord, Agder, Jon Mindrebø, Agder, Simon Nes, Rogaland, Ola Bjørn- bet, Sør-Trøndelag, Nørra Tørtveit, Agder, Knut Brekke, Sunnhordland.

Av dei 18 elevarne som gjekk Bladmanskulen i desse to aari, fekk mange plassar etter kvart dei kom ut eller dei gjekk attende til plassar dei hadde tidlegare, og dei er no aa finna i gode postar i norskaaibladi landet rundt. Magnus Breilid og G. G. Moseidjord i Agder Tidend, Eirik Sundvor og Vilhelm Bergsagel i Gula Tidend, B. A. Grøsfjell i Norig, Harald Rekeland, Osломeldar til Norig, Hans Tunge i Karmøyposten, Daniel Liset i Firda-Folkeblad, Edvin Bjørkevik i Akerhusposten. Nokre hev havt mlømbispostar i blad, soleis Torjus Laupedalen og Ola Bjørnbet. Andre er meldarar eller skrivarar til blad, soleis Simon Nes og Knut Brekke.

Til tredje aarsskeidet som etter planen skulde byrja 1. september 1921, hadde det meldt seg 11 elevar. Men daa ein enno ikkje hadde fenge rikstilskot og ein live kunde vona meir av private tilskot, saag styret seg nøydd til aa avlysa dette skeidet.

Størg med skulen vart det like vel ikkje. Av dei som hadde meldt seg til aarsskeidet 1921 og fekk atterbod var det same som vende seg til skulestyraren og bad um aa faa bladmannsupplæring gjeonom brevbytte. Skulestyraren sette upp ein skipnad med dette og dei tvo siste aari hev Bladmanskulen gjeunge som brevbytteskule. I brevbytteskeidi hev skulen havt 5 elevar, av desse hev tvo fenge vitnemaa! : Helmer From, Austfold, og Vilhelm Rogdo, Hardanger.

Norsk Pressekontor.

Fyrebudingsarbeid.

Noko av det fyrste Bladmannalaget tok upp, var spursmaalet um eit telegrafkontor i Oslo. Ein meinte det vilde letta arbeidet i maabladi, um ein fekk eit sams kontor som kunde telefonera nyhendemeldingarne paa norsk.

Daa Bladmannalaget ikkje hadde pengar til aa skipa og driva eit sovore kontor, vende laget seg i 1914 til Norsk maalkontor med spurnad um dette kontoret kunde utvidast til ogsosa gjera tenesta som bladmeldingskontor. Noregs maallag og Noregs ungdomslag som stod for kontoret, svara at der var ikkje høve til det. Eiles meinte formannen, professor Gjelsvik, at bladkontoret laut vera heilt sjølvstendig, skulde det magta oppgaava si.

Ein vende seg deretter til Umbodsmannalaget Trygd med spurnad um dette laget som og hadde eige kontor i Oslo, kunde finna ein skipnad med aa telefonera bladmeldingar. Men dei hadde heller ikkje høve til aa gjera noko med saki.

Formannen i Bladmannalaget tok daa til aa tenkia paa um ikkje saki kunde løysast fraa ein annan kant, t. d. med at ein norsk-kunnig bladmann i Oslo byrja med aa telefonera bladnytt for eigi rekning. Hausten 1914 fekk han bladmann Daniel Helset i Morgenposten til aa byrja med aa telefonera nytt paa norsk

til Hardanger i Odda. Bladet Møre i Volda kom og med og tok sine meldingar fraa Helset. Men dei andre bladi paa norsk kom ikkje. Anten hadde dei alt skipa seg med privat Osloomeldar eller dei hadde samband med Høydahl-Ohme eller Norsk telegrambyraa eller dei hadde slett ikkje noko telegram samband. Flestalle av bygdebladi paa Vestlandet fyrkte ikkje dei hadde raad til aa ofra noko paa telegram eller telefommeldingar.

I fleire aar stod denne saki paa same naglen. Dei største maabladi som hadde telegram, vilde halda seg til sine gamle samband, og dei mindre bladi hadde ikkje raad til aa vera med paa noko. Berre Hardanger og Møre heldt fram med aa taka sine meldingar paa norsk fraa Helset. I 1917 kom saki til ordskifte paa aarsmøtet til Noregs maallag paa Voss. Severin Fiskeland som daa var varaformann i Noregs maallag, tok upp spursmaalet um skiping av eit Norsk pressekontor. Det var nærast eit missionskontor som skulde spreida stykke paa norsk til danemaalsbladi, han vilde skipa. Mange stutte honom i det at det vilde vera gærnlegt aa senda stykke paa norsk til danemaalsbladi, men Hans Aarnes og Johs. Lavik som var tilstades, heldt fram at dette missionsarbeidet i danemaalsbladi var noko av det siste ein fekk tenkia paa. Fyrst laut ein hjelpa norskmaalsbladi til aa verta tevelføre med danemaalsbladi, og eit av dei viktigaste arbeid i denne leid var aa reisa eit Norsk pressekontor som kunde tevla med det danskstyrde telegrambyraet. Ordskriftet enda med at styret i Noregs maallag saman med styret i Norsk Bladmannelag skulde arbeida vidare med saki. Noregs maallag bad daa Bladmannelaget komma med plan for pressekontoret. Styret i Bladmannelaget drog upp raama for pressekontoret soleis:

1. Kontoret skal setja seg i samband med eit eller fleire telegrambyraa i utlandet, so det smøgt og ifhande kann melda alt viktigst utlandsnytt.
2. Innanlands skal kontoret festa seg meldarar i alle byar og bygder, so det alltid kann hava yversyn yver hendingarne i landet, politisk, økonomisk og kulturelt.
3. Til styrar av kontoret vert aa tilsetja ein røynd og fullt dugande bladmann som baade talar og skriv norsk. Elles vert aa tilsetja den arbeidshjelp som trengst.

4. Spursmaalet um kvar kontoret skal liggia, anten i Oslo eller Bjørgvin, lyt standa ope til ein fær sjaa kven av desse staderne som kan bjoda kontoret dei beste arbeidsvilkor og fleste telegrantingarar.

5. Kontoret skal setja upp bindande avtalor med blad som tingar telegram fraa det.

6. Alt som kontoret sender ut skal vera paa norsk.

7. Kontoret skal vera ope dag og natt.

8. Kontoret skal hjelpa til aa faa istand ein skipnad med støypesats (serleg kjellarar og utklypsbøker) for maabladi.

Dersom danemaalsbladi skal faa bruka denne støypesatsen, lyt vilkoret vera at dei betalar full pris for det dei nyttar. (Denne siste setningi medar paa ein tanke som var sterkt framme paa aarsmøtet i Noregs maallag, at ein skulde driva missionsarbeid med aa lata danemaalsbladi faa kjellarar og utklypsbøker paa norsk gratis, berre dei vilde unna norsken ei litt kraa).

Til denne raama for arbeidet aat eit norsk pressekontor arbeide styret i Norsk Bladmannelag ut eit inntøke- og utløgebudgett.

Ein rekna med at drifti vilde gjeva underskot dei fyrste aari, men ein vona at det vilde arbeida seg fram, naar det fyrst vart sett i gang. Styret i Bladmannelaget enda framlegget sitt med aa fyreslaa at kontoret vart reist som lutlag med ein lutmiddel paa minst 250,000, høgst 500,000 krunor. Av denne midelen skulde etter framlegget Norsk Bladmannelag (ved norske dagblad) reisa 40,000 og Noregs maallag 40,000 krunor. Resten skulde utleggjast til aalmenn teikning.

Dette var tilradingi fraa fleirtalet i styret (Aarnes og Risvoll), medan mindretalet (Ludv. Bru) gjekk ut fraa at ein ikkje magta aa reisa eit stort tidløvelegt pressekontor, men laut nøgja seg med eit lite kontor som tok imot og sette um meldingarne fraa Norsk Telegrambyraa.

Nokor samraading mellom Noregs Maallag og Norsk Bladmannelag um saki vart det ikkje, daa Noregs Maallag ikkje saag seg utveg med aa reisa den middel som etter framlegget fraa Norsk Bladmannelag var turvande. Framlegget fra Bladmannelaget vart difor lagt burt.

Ein lagsmann i Bladmannelaget, disponent Bjarne Foss, Den 17de Mai, tok daa upp tanken um aa skipa eit Norsk pressekontor nærast i samhøve med framlegget fraa Ludv. Bru, men utan aa reisa nokon driftsmiddel. Kontoret skulde bera seg sjølv med den godtjerdsla det fekk for utsende meldingar til bladi. Ein laut likevel rekna med at



Bjarne Foss.


der kunde verta driftsunderskot antan avdi kontoret fekk for faa blad aa senda til eller av di sume blad kunde koma i pengevanskar so dei ikkje magta aa betala meldingarne. Ein fekk difor Noregs maallag og Noregs ungdomslag til aa trygda for mogelegt underskot med opptil 20,000 krunnor. For pressekontoret vart oppnemnt eit styre paa tri mann med disponent Bjarne Foss til formann. Bladmenn Daniel Helset som i mange aar hadde vore privat melder til ymse maalblad, vart sett til styrar av kontoret og 15. september 1919 tok drifti til.

Presskontoret i drift.

Daa Norsk Pressekontor hausten 1919 kom i gang, hadde det 7 blad aa senda meldingar til. Fyrr aaret var ute hadde talet auka til 8. I 1920 kom 6 nye blad til og 1 gjekk fraa for pengevanskar, so N. P. ved utgangen av dette aaret hadde 12 blad aa senda meldingar til. I 1921 fekk N. P. 10 nye blad aa senda til. Eit gjekk fraa for skuld pengevanskar, so daa aaret gjekk ut stod kontoret i samband med 21 blad, men 5 gjekk ifraa for skuld pengevanskar, so talet daa blad ved aarsskiftet var 19. I fyrste maanaderne av 1923 kom det til 4 nye blad, so kontoret i midten av mars hadde 23 blad i alt aa senda meldingar til.

Skipnaden med N. P. er soleis at det fær det meste av sine utanlandsmeldingar og ei rekka andre meldingar gjennom Norsk Telegrambyraa. Desse meldingarne set N. P. um til norsk, so bladi vert sparde for umsetjingsarbeidet. Dessutan driv N. P.

mykje sjølvstendig nyhendefretting, serleg fraa stortinget, riksradet og offentlege kontor. I sjølvstendig nyhendefretting er N. P. eit av dei førande pressekontor i hovudstaden. Mange landssamskipnader sender sine meldingar til kunnjering gjennom N. P. Kontoret fær ogso radiotelegrammi som gjeng gjennom utriksdepartementet.



Norsk Pressekontor: Daniel Helset, P. M. Strand og Nils Lone i daglegt arbeid.

Økonomisk hev N. P. gjenge betre enn ein kunde venta. Garantiistarne, Noregs ungdomslag og Noregs maallag hev berre svara eit tap paa 4000 kr., som kom av at eit blad gjekk konkurs. Umfram dekkjingi av dette tapet, hev N. P. arbeidd utan tilskot fraa nokon kant. Men dei tri mennene i kontoret hev eit stridt arbeid, daa dei baade skal fylgja med ute og vera i telefonen med siste nytt til yver 20 blad døgret rundt, morgon, middag og kveld. Kontoret hev ei arbeidstid fraa 6 $\frac{1}{2}$ morgon til 2 $\frac{1}{3}$ natt.

Umfram styraren, Daniel Helset, hev desse arbeidd i N. P.: Anton Laurin, Ola Strammshelm, Peder M. Strand og Nils Lone. Dei som arbeider i kontoret no er Helset, Strand og Lone.

Styre i Bladmannelaget gjennom 10 aar.

1913—14.

Hans Aarnes, formann.
Albert Joleik, varaformann.
Lars Risvoll, kassastyrar.

1919—20.

Hans Aarnes, formann.
Ludv. Bru, varaformann.
Einar Breidsvoll.

1914—17.

Hans Aarnes, formann.
Olav Eide, varaformann.
Lars Risvoll, kassastyrar.

V a r a m e n n :

Jac. Skystiad.
Olav Gullvaag.
L. Hjelle, kassastyrar.

1920—22.

V a r a m e n n :
Olav Gullvaag.
Ludv. Bru.
Nils Skaar jr.

Hans Aarnes, formann.
Ludv. Bru, varaformann.
Einar Breidsvoll.

V a r a m e n n :

1917—18.
Hans Aarnes, formann.
Ludv. Bru, varaformann.
Lars Risvoll, kassastyrar.

L. Hjelle, kassastyrar.
Olav Gullvaag.
Jac. Skystiad.

1922—23.

V a r a m e n n :
Olav Gullvaag.
L. Hjelle.
Olav Haakonsson.

Hans Aarnes, formann.
Einar Breidsvoll, varaformann.
L. Hjelle, kassastyrar.

V a r a m e n n :

1918—19.
Hans Aarnes, formann.
Ludv. Bru, varaformann.
Lars Risvoll.

Olav Gullvaag.
Jac. Skystiad.
Jens Nederlagen.

1923 —

V a r a m e n n :
L. Hjelle, kassastyrar.
Olav Gullvaag.
Olav Haakonsson.

Hans Aarnes, formann.
Einar Breidsvoll, varaformann.
L. Hjelle, kassastyrar.

V a r a m e n n :

Anton Beinset.
Jens Nederlagen.
David Gjermø.

Driftsnemndi.

1913—15.

Johs. Lavik, formann.
Jens Kvaale.
Olav Midttun.

1919—22.

R. Ingvaldstad, formann.
Bjarne Foss.
Olav Haakonsson.

1915—17.

R. Ingvaldstad, formann.
Jens Kvaale.
Jens Hystad.

1922—23.

R. Ingvaldstad, formann.
Bjarne Foss.
Jens Kvaale.

1917—19.

R. Ingvaldstad, formann.
Olav Midttun.
Olav Gullvaag.

Etter lagslovi skulde fyreloga til driftsnemndi vera aa arbeida for sams avgjerdslor i ymse spursmaal vedkomande bladdrifti, soleis spursmaalet um lønnerne i prenteverket, spursmaalet um lysingsprisar og lysingssemtor og spursmaalet um sams meldingar av nytt til maalbladi.

Det synte seg snart at driftsnemndi fekk lite aa gjera med desse spursmaal. Lønnerne i prenteverki vert avgjorde ved tingingar millom bokprentarlagi (Arbeidsgiverforeningen) og typograf-foreningarne. Skulde maalbladi faa noko aa segja ved dei offentlege lønstingingarne, laut dei vera med i arbeidsgjevarlaget saman med danemaalshadi.

Lysingsprisarne vert avgjorde av bladi i kvar by eller landslut, so heller ikkje der kunde driftsnemndi gjera noko. Det einaste nemndi fekk arbeida med var spursmaalet um eit meldingskontor for maalbladi. Um løysingi av denne sak heldt nemndi mange raadleggjingar baade seg i millom, med styret for Bladmannelaget og med Daniel Helset. I 1919 vart spursmaalet um sams bladmeldingskontor, løyst, med di Norsk Pressekontor kom i gang.

Sidan den tid hev driftsnemndi i røyndi vore utan arbeid, og daa lagslovi vart brigda paa aarsmøtet i aar, let ein driftsnemndi ganga ut.

Sendemenn.

Heilt sidan Bladmannelaget vart skipa hev det vore med i Noregs maallag, og det hev havt sendemann paa alle aarsmøte der.

I 1914 var Olav Middtun sendemann, i 1915 Lars Risvoll, 1916 Lars Risvoll, 1917 Hans Aarnes, 1918 Hans Aarnes, 1919 Einar Breidsvoll, 1920 Hans Aarnes, 1921 Einar Breidsvoll, 1922 R. Ingvaldstad, 1923 Hans Aarnes.

Noregs gamle merke.

Paa møte 2. desember 1917 gjorde Bladmannelaget vedtak um aa stydjaa arbeidet for atterreisning av Noregs gamle merke, flagget med gul kross paa raud both.

Denne frasegnni vart møtt med eit skrik i danemaalsbladi



En stor saki!

Tegnet av Jul. Fossaa

Det er ikke tvil om at „Norsk bladmannelag“ har ret naar det mener at iden nu snart er inde til at bytte det tidligere „danske“ flag med „Magnus Bernhads merke“

Skjematikning i »Hvøpsen« 17. desbr. 1917.

landet rundt. Dei ropa til vakt um den blaakvite krossen og fekk det anvinnmt med aa fortelja at Noreg aldri hadde havt noko flagg fyrr me fekk det trifarga i 1821. Det vart eit stort ordskifte um saki der sogelærde menn var med og alt vart framleitt som kunde kasta ljøs yver Noregs riksmærke heilt fraa

Heilag Olavs dagar. Utkoma av ordskitet vart at mange fleire enn fyrr fekk hug til aa vera med og verna um vaar gamle erve-lut, og det gulraude flagget vart ofiare aa sjaa baade i by og bygd.

I desse tider hadde Finnland fenge att fridomen sin ved statsumveltingi i Russland. Finnlandingarne tok til aa arbeida med aa faa seg eige flagg, og daa det frestst at dei tenkte aa taka det raudgule flagget plent slik som Noregs gamle merke var, gjekk two av vaare fremste lagsmenn, Arne Garborg og C. B. Bugge, til dei finske sendemenerne daa dei kom til Oslo vinteren 1918 og heldt fram for deim at det raudgule flagget var vaart, og at me ikkje hadde hug til aa lata det ifraa oss. Dei finske statsmenerne hadde ikkje kjennskap til dette, og dei lova aa tenkja nøgrare yver saki. Finnland fann seg sidan eit anna merke.

Ymse.

Umfram dei mange saker Bladmannelaget hev ført fram til løysing i ymse leider, hev det ogso arbeidt med ymse opptak som etter nærare dryfting hev vorte burlagde eller framleis er under fyrebuing.

Ei av dei fyrste saker Bladmannelaget tok upp og arbeidde mykje med var spursmaalet um støyresats av kjellarforteljingar og anna utfyllingsstoff. Denne saki vart burlagd av aarsmøtet i 1915, daa det svarte seg aa vera for lite aa vinna paa ein sovoren skipnad. Uljk rettskriving i dei ymse bladi stod og i vegen.

I møtet 18. mars 1917 vedtok styret aa søkia stortinget um at bladmenn fekk reisa fritt paa jarnvegane. Det hadde vore ein slik skipnad med fribillett for bladmenn paa jarnvegane fyrr, men den vart avteken. No vilde ein freista faa billettarne att. Det vart teke upp samarbeid med Norsk Presseforbund. Diverre vart tidi sers ulagleg for dette spursmaalet. Landet vaart kom opp i kolvanskar for skuld heimskrigen og jarnvegsferdsja vart mykje minka. Storingsmenn som Bladmannelaget samraade seg med, meinte at spursmaalet um fribillett

laut staa ut til jarnveggsferdsla atter kom i normalt gjenge, og med det let Bladmannelaget saki kvilla.

Paa aarsmøtet 1918 vart det vedteke at Bladmannelaget skulde gjera upptaket til utgjeving av ei Norsk allkunnebok (encyklopædi). Til fyrebuingsnemnd vart vald L. Hjelte, Albert Joleik og Torleiv Hannaas. Til aarsmøtet 1920 sa professor Hannaas fraa at han hadde ikkje tid aa vera med i allkunneboknemndi lengger. Han gjekk difor ut. Attaat dei tvo som stod att i nemndi fraa fyrr L. Hjelte, formann og Albert Joleik, vart nemndi auka med desse nye: Leiv Heggstad, Jens Lindberg, Jon Bakke og C. B. Bugge. Ogso for dette upptaket vart tidi sers ulagleg. Det var vandt aa finna reidar til eit so stort verk (10 band a 1000 sidor) medan papir og prenting stod i toppprisar. Elles vilde det krevjast mykje til skrivhjelp. Nemndi hev difor late arbeidet kvila i von um at tidi vil verta laglegare etter kvart som prisen paa papir og prenting gjeng med.

Spursmaalet um aa faa eit Norsk lysingskontor i Oslo hev ofte vore dryft, jannast i samanheng med planarne for bladmeldingskontoret. I 1920 vedtok aarsmøtet aa beda driftsnemndi taka upp arbeid for skiping av eit Norsk lysingskontor i samband med Norsk Pressekontor. Driftsnemndi hev dryft saki, men ikkje funne nokor løysing. Det krevst ikkje so radt hien middel til aa byrja eit lysingskontor.

Sidan 1918 hev Bladmannelaget havt ei rettleidingsnemnd for nye bladtiltak. Med i denne nemndi hev vore bladmann L. Hjelte, forettingsfører R. Ingvaldstad og bokprentar Albert Johansen. Nemndi hev gjeve rettleiding baade ved skiping av nye bladtiltak og ved utviding av gamle. Sameleis hev lagsformannen vore raadspurd i mange høve.

Lista yver lagsmenn

som hev vore eller framleis er med i Norsk Bladmannelag:

Heiderslagsmann:

Garborg, Arne.

Aarleg betalande:

Aarflot, M., utgjevar og bladstyrar, Møre, Volda.
 Aarnes, Hans, bladstyrar, Agder Tidend, Krsand S.
 Aasveien, Haakon, bladstyrar, Fiordenes Blad, Nordfjordeid, seinare tilsynsmann for ungdomsskularne, Avilden 1919.
 Aure, Anton, skriftstyrar, Ung-Norig, Asker.
 Asphaug, Halfdan, bladstyrar, For Bygd og By, Ulgjengen.
 Beinsset, Anton, bladmann, Den 17de Mai, Oslo.
 Bennum, Peter, bladstyrar, Haaløyngen, Mosjøen. Ulgjengen.
 Berge, Andres, medarbeidar, Bondedbladet, Bjørgvin.
 Bergsagel, Vilhelm, bladmann, Gula Tidend, Bjørgvin.
 Brakstad, Olav, bladmann, Møre. Tidend, Aalesund. Avilden 1920.
 Brekke, Sigurd, bladmann, Gula Tidend, Bjørgvin. Avilden 1918.
 Breidsvoll, Einar, redaksjonssekretær, Den 17de Mai, Oslo.
 Bru, Ludv., bladstyrar, Hordaland, Voss. Avilden 1921.
 Bugge, C. B., borgemeister, Bjørgvin.
 Døhl, Einar, redaksjonssekretær, Norig, Skten. No i Nidaros. Ulgjengen.
 Dyrtdal, Jon, medarbeidar i ymse maablod, Ingvaldstad, R., forettingsfører, Gula Tidend, Bjørgvin.
 Johansen, Albert, bokprentar, Oslo.
 Joleik, Albert, bladstyrar, Gula Tidend, Bjørgvin.
 Joleik, Olava, bladmann, Spegfjelen, Nidaros. No i Bjørgvin. Ulgj.
 Kvaale, Jens, bladstyrar, Sogns Tidende, Sogndal.
 Langlo, Kr., skriftstyrar, Summørehistoriske tidskrift.
 Laupedalen, Torjus, bladmann, Gula Tidend, Bjørgvin. No i Brunkeberg.
 Laurin, Anton, bladmann, Den 17de Mai, Oslo.
 Lavik, Jols, bladstyrar, Bondedbladet, Bjørgvin.
 Leirvik, P. Jaeger, bladstyrar, Olsok, Nidaros. No i Namsos. Ulgjengen.
 Lid, Johan, bladmann, Bondedbladet, Bjørgvin.
 Liset, Andr., bladstyrar, Halsnøy Kloster, Halsnøy.
 Liset, Daniel, bladstyrar, Firda Folkeblad, Flora.
 Lone, Nils, Norsk Pressekontor, Oslo.
 Lydvo, Knut, forettingsfører, Bondedbladet, Voss.
 Medaas, Eirik, bladmann, Gula Tidend, Bjørgvin. No i Granvin.
 Middun, Olav, skriftstyrar, Syn og Segn, Oslo.
 Mikalson, Joh. B., bladstyrar, For Bygd og By, Oslo. Ulgjengen.
 Nederhagen, Jens, bladstyrar, Fjordabladet, Nordfjordeid.

Eide, Olav, redaksjonssekretær, Den 17de Mai. No bladstyrar i Østlendingen, Eivrom, Utgjengen.	Nesheim, Helge, skriftstyrar, Jolehøgtid, Haugesund.
Eidnes, Hans, bladstyrar, Midnattsol, Harstad.	Norstrøm, Anth., bladstyrar, Andvake, Oslo.
Falk, Arne, bladmann, Den 17de Mai, Oslo.	Nybø, Ingeborg, utgjevar, Unglyden, Voss, Utgjengi.
Forfang, Ingv., bladstyrar, Høgskulebladet, Fandrem, Utgjengen.	Os, Edv., bladstyrar, Norsk Ungdom, Oslo.
Foss, Bjarne, disponent, Den 17de Mai, Oslo.	Rekeland, Harald, bladmeldar, Oslo.
Gjærder, P. M., utgjevar og bladstyrar, Norsk Toneblad, Volda.	Risvoll, Lars, bladstyrar, Ryzja Tidend, Stavanger.
Gjengen.	Sjursset, K., redaksjonssekretær, Gula Tidend, Bjørgvin. No bladstyrar i Haalogaland, Harstad. Utgjengen.
Gjerme, David, bladstyrar, Hordaland, Voss.	Skaar, N. jr., bladstyrar, Hordalands Folkeblad, Norheimsund.
Gullvaag, Olav, bladstyrar, Gula Tidend, Bjørgvin.	Skytstad, Jac., bladstyrar, Møre Tidend, Aalesund. No bladstyrar i Nasjonalbladet, Nidaros. Utgjengen.
Gumlekson, Erik, utgjevar, Ung-Norrig, Risøyr.	Strand, Peder M., bladmann, Norsk Pressekontor, Oslo.
Haakonsson, Olav, bladstyrar, Unglyden, Voss.	Straumshelm, Ola, bladmann, Norsk Pressekontor, Oslo. No lærar i Aalesund.
Hamre, Anders, bladstyrar, Den 17de Mai, Oslo.	Sundvor, Eirik, bladmann, Gula Tidend, Bjørgvin.
Haukenes, Gerhard, Ryttylkeposten, Sندا, Utgjengen.	Sydnæs, Kristofer, bladstyrar, Sunnhordendingen, Førde i Sunnhordland.
Høset, Daniel, bladstyrar, Norsk Pressekontor, Oslo.	Valtysson, Helgi, bladmann, Reykjavik, Island.
Hjellbakk, A., bladstyrar, Inntrøndelag, Steinkjer.	Vangnes, Leiv, bladmann, Agder Tidend, Kristiansand S. No i Oslo.
Hjelle, L., redaksjonssekretær, Gula Tidend, Bjørgvin.	Vestbø, O. A., bladmann, Ryzja Tidend, Stavanger.
Hjelle, Ola P., bladstyrar og utgjevar, Aarvak, Aalesund, Utgjengen.	Øksnevad, Toralf, Oslo, melder til Gula Tidend. No norsk pressutsending i Paris. Utgjengen.
Hop, S., bladstyrar, Upp og Fram, Utsteinvik.	
Hystad, Jens, bladstyrar, Sunnhordland, Stord.	
Høvik, Ivar, bladstyrar, Lillehammar.	

Minneord yver avlidne lagsmenn.

I 10-aaret 1913 til 1923 er 4 av Bladmannalaget sine lagsmenn avlidne.

Sigurd Brække som var bladmann i Gula Tidend døydde 23. okt. 1918. Han var ein lovande ungdom i 20 aars alderen som gjekk upp i bladmannsarbeidet med liv og sjæl. Han hadde og store gaavor som kunstnar. I Gula Tidend kom mange av teikningarne hans. Han hadde godt lag til aa skjera tresnitt og paa den maaten laga han bilete til meldingarne sine fraa fotballstridar, symjefvingar, upp tog osv. Han hadde og eit gløggt auga for det morosame og kunde stundom vera sers heppen med skjemteteikningar. Daa krigslukka tok til aa venda seg paa Vestfronten, laga han eit tresnitt av general Foch som med ein stor skrubbert sopa dei tyske roffonne heimatt. Biletet vekkte aatgaum, ikkje berre her i landet, men ogsø i utlandet.


Brække hadde stor lærehug og vilde gjerne koma seg ut og faa sja tilhøvi i andre land. Men aa venta til han fekk stipend av staten eller omor hjelp, hadde han ikkje tid til. Elles likte han best aa vera sjølvhjelp med kva han tok seg til. Summaren 1918 nytta han ferien sin til ein tripp til Sverrike. Han vitja Stockholm og andre byar og skreiv glide ferdebrev til Gula Tidend. Men at han sleit vondt paa denne turen, fekk ingen vita fyrr seinare. Daa kom det upp at han hadde so life ferdapengar med seg at han ikkje hadde raad til aa tinga seg skikkelegt husvæte, men laag i lødorne i utkantarne av byarne um nærterne. Og med matstellet var det like ille. Han hadde med seg noko turmatniste fraa Noreg, og den livde han paa mest heile turen i Sverrike. Han var ikkje sers helsesterk fyrr, og at denne turen tok paa krefterne hans er rimeleg. Og daa spanskesykja herja Bjørgvin hausten 1918 var Brække ein av dei fyrste som laut flygja med. Ein stutt, men ihuga arbeidsdag var ende.

Sigurd Brække var bondegut fraa Brække i Sogn, fødd 6. mars 1892. Umframit folkeskulen gjekk han 2 vintar paa framhaldskule. Gjekk milionskulen paa Flora i 2 aar og tok eksamen der. Var 2 aar paa Voss gymnas, gjekk so 1 vinter paa Hambro skule i Bjørgvin og tok eksamen der.

Heime var han med i vanlegt gardarbeid, men stelte helst



Haakon Aasvejen.



Ludv. Bru.

med posten for faren, som ogso var postopnar. Han tok alt tidleg til aa teikna og mala. — Var vikar i folkeskulen i Brekke i 1 eller 2 vintar, huslærer i Trums 1 aar. Ei tid var han og postbod millom Brekke og Ynnesdalen.

Haakon Aasvejen døydde 6. oktober 1919. Han var ein av skiparane av Bladmannelaget, og han hadde stor samlung med norskskomsreisingi baade i bladvegen og elles.

Haakon Aasvejen var fødd 21. august 1862 paa Hegre i Trøndelag. Han tok lærareksamen 1882 ved Klæbu seminar og vart same aaret sett til lærar ved Torps privatskule i Eivrom. Deretter var han lærar i Nedre Sjørdalen fraa 1883 til 87 og vart so sett til styrar av folkehøgskulen i Hornaldalen, Nordfjord. Der arbeide han i tri aar. Var so ei par aar fylkesskulestyrar i Nedenes og flutte deretter til Nedre Sjørdalen att, denne gongen som kløkkar. Denne posten hadde han fraa 1892 til 1896. Han vart daa sett til skrivar i Norges Venstreforening og hadde dette yrket i two aar. I 1898 vart han sett til styrar av fylkes-skulen paa Nordfjordeid og fraa 1900 yvertok han attaat bladstyring i «Fjordenes Blad».

Som ungdomslærer vann Aasvejen seg eit kjent og vurdnamn, og sameleis som bladmann. Han gjorde mykje til aa draga «Fj. Blad» yver i norsk leid, so norsken etter kvart fekk største og vig tugaste rommet.

I 1918 vart Aasvejen sett til tilsynsman for ungdomssku-

larne i landet. Men sjukdom lagdest paa honom, og aaret etter døydde han.

Olav Brakstad, ein av dei yngre lagsmennerne i Norsk Bladmannelag og ein sers gaaverik bladmann, døydde 21. juli 1920, berre 26 aar gammal.

Han var fødd 13. februar 1894 paa garden Brakstad i Tingvoll, Nordmøre. I barndomen var han ein stillfarande og djup-tenkt gut som mest heldt seg til bøker, Etter konfirmationen arbeide han nokre aar heime paa garden, las mange bøker og skreiv ymist som ikkje vart sendt til noko blad, daa han trudde det ikkje var noko med det. So fór han til millomskulen i Volda og tok eksamen paa 1 aar. Deretter gjekk han paa gymnasen i Volda ei par aar, men vart sunk og laut slutta. Han var ein av fremste eleverne i klassa, serleg flink var han i latin og norsk.



Olav Brakstad.

Sumaren 1917 vart Møre Tidend sett i gang i Aalesund og um hausten same aaret kom Brakstad med i bladstyret der. Brakstad var bladmann med liy og sjæl, og han kasta seg inn i arbeidet med slik ihug at det truleg røynte for hardt paa den velke helsa hans. Men det var som han vissie det sjølv at arbeidsdagen vart stutt, difor nøytte han seg med aa faa løysa ut tankarne som brann i hugen. Han skreiv dikt og smaaforteljingar, skildra natur og bondeliv, dryfte ungdomsspursmaal og politikk. Siste aaret styrde han tilleggsbladet *Hels*, — eit ungdomsblad som Møre Tidend gav ut. I dette bladet skreiv han mange av sine sine beste stykke.

Ludv. Bru døydde i juni 1921. Han var ein av dei mest tru-aste og ihuga lagsmenn Bladmannelaget hev havt. Han vart innvald i styret i 1917 og var sidan varaformann i Bladmannelaget til han døydde. Han var og med i styret for Bladmannelaget fraa skulen vart skipa i 1919.

Ludv. Bru var fødd i Strandebarm 1875. Han tok lærareksamen paa Stord 1896 og var so lærar eit aar i Kvinnherad og

deretter fire aar paa Voss. I 1902 vart han sett til styrar av bladet Hordaland som han styrde paa ein varsam og vyrdeleg maate. Han vann seg mange vener samstundes som Hordaland vart eit kjemt og kjært blad for Voss og næraste bygdene. I 1916 fekk Bru eit bladmannsstipend av staten og han gjorde ei studieferd til Sverrike og Danmark.

Loveerne.

Dei lover som no gjeld for laget lyder med dei siste brigde soleis:

Lagslovi.

§ 1.

Norskt Bladmannelag er ein samskipnad til fremd av maaltreisingi, serleg ved aa reisa norske blad og fremja deira standsbatar som arbeider i bladi.

Med i laget kann vera:

a. fastlente bladskrivarar ved heilnorske blad og medarbeidarar ved slike blad.

b. eigarar eller drittstyrarar av heilnorske blad.

Styret kann taka upp lagsmenn og strjuka lagsmenn; men baade opp- takings- og strjukungsspursmaal kann verja skotne til avgjerdsia i lagsmøte.

§ 2.

Kvar lagsmann svarar 10 krunor aaret. Stend nokon til rest med aars- pengar for meir enn eit aar, kann han verja stroken or laget.

§ 3.

Høgste makt i laget er aarsmøtet som til vanleg vert halde innan ut- rangen av april. Umframsmøte vert halde so ofte styret finn det turvande. Aarsmøtet skal:

1. Taka mot aarsmelding fra styret saman med utdrag av rekneskapen som vert framlagd i ettersedd stand.
 2. Velja styre for laget, stipendnemnd og ettersynsman.
 3. Dryfta andre saker som styret legg fram.
- Ved innkallingi til møtet skal styret nemna dei saker som skal koma fyre.

§ 4.

Laget hev eit styre paa 3 mann med like mange varamenn. Alle vert valde for eit aar um fongen. Ingen kann segja nei til aa sitja i styret; men ein kann neitta attval i like lang tid som ein hev gjort tenesta. Styret vel seg i millom formann og varaformann, og set til kassastyrar.

§ 5.

Spursmaal um standsbatar for bladmennerne kann berre dei lagsmenn som sieng inn under § 1 a vera med aa avgjera.

Eiles vert alle andre spursmaal, undanteke lovbrigde, avgjorde med vanlegt fleirtal av dei framsmøtte. Stend røysterne ikkt i nokor sak, skal formannen.

§ 6.

Framlegg til brigde i denne lovi lyt vera innkomne til styret minst ein maanad fyre aarsmøtet, og framlegget vert ikkje vedteke minder $\frac{2}{3}$ av dei som er tilstades paa aarsmøtet røystar for det.

Lov for stipendkassa.

§ 1.

Stipendkassa er skipa for lagsmennerne i Norskt Bladmannelag, serleg for aa hjelpa unge, kaaverike bladmenn til aa koma ut og sjaa seg i kring, so dei kann verja enno meir duglege i sitt yrke.

Kassa skal hava ein grunnmidel paa 20,000 krunor. Berre rentorne av grunnmidelen kann ein bruka, og fyresetnaden er at det vert etla ut eit stipend kvart aar.

§ 2.

Kvart aarsmøte i Bladmannelaget avgjer kor stort stipendet skal vera. I. likeins vel aarsmøtet ei stipendnemnd paa 3 mann som gjev tilraading til styret um kven av søkjarane som skal faa stipendet. Styret etlar stipen- det ut.

§ 3.

Stipendet kann søklast berre av lagsmenn som er fast tilsette i norsk- maalsbladi. Det kann nyttast til studieferd innanlands eller utanlands. Sø- kjarane lyt nemna kortleis dei tenkjer aa nytta stipendet, og den som fær det, skal so snart han klem heimat, gjeva skrifteleg utgreiding til styret um ferdi. Denne utgreidingi kann styret prenta og senda ikring til lags- mennerne, um det so fyrefinn.

§ 4.

Fresten til aa søkja stipendet gieng ut 28. februar kvart aar. Søkna- derne vert innsende til formannen i styret for Norskt Bladmannelag.

§ 5.

Framlegg til brigde i denne lovi lyt vera innkomne til styret for Blad- mannelaget minst ein maanad fyre aarsmøtet, og framlegget vert ikkje vedteke mhder $\frac{2}{3}$ av dei framsmøtte røystar for det — og det ikkje stend i strid med innbodingi til skiping av stipendkassa. (Sjaa vedtak paa aars- møtet i Norskt Bladmannelag 24. februar 1917)

Attersyn og framsyn.

Naar ein ser attende paa dei 10 aari som er gjengne og dei oppgavor Bladmannelaget hev havt til løysing, lyt ein segja at det var god grunn til aa skipa Bladmannelaget, og at det arbeid laget hev gjort i ymse leider, hev bore god frukt. Men laget er ikkje aaleine um æra. Naar ein hev kunna reist slike tiltak som Stipendkassa, Bladmanskulen og Norsk Pressekontor, er ikkje dette utslag av laget si eigi magt, men det er prov paa den samnhug og studnad dei nynorske bladmennene hev landet rundt. Bladmannelaget hev havt idearne; maallagi og ungdomslagi hev kome med pengarne som turvtest til aa setja idearne i verk. Dette lukkelege samarbeidet med maallagi og ungdomslagi hev vore Bladmannelaget sin styrke. Ein fær vona det vil vara framleides; for enno hev Bladmannelaget mange og store oppgavor aa løysa.

DEI NYNORSKE BLADI.

Ei stutt soge-yversyn.

Av Anton Aure.

Soga um dei nynorske bladi fraa 1858 til idag er ei av dei vigtugaste greinerne av sogaa um norsk maalfreising. Ein gong lyt me faa heile denne bladsoga skrivi; det vil verta ei heil bok. Naar ein skal skriva um eit so stort emne paa nokre faae sidor og nemna alle dei mange upptak og freistnader, so kann det ikkje verta anna ei beingrind. Men med ein ventar paa den fullstendige sogaa er det kanskje ikkje heilt verdlaust med eit sovore lite yversyn, som gjev nokre av dei vigtugaste opplysingar um norskmaalsbladi i dei 65 aari som hev gjenge sidan »Dølen« tok til.

Den nynorske bladsoga er paa mange maatar ei saar og tungsam sogaa. Ho fortel um endelaus strid og mange saare vonbrot. Striden var ofte stygs, og dei vaapni motparten brukte var ikkje alltid so blanke. Der er martyrar imillom deim som sleit med dei nynorske bladi. Kor mange freistnader hev det ikkje vore gjort i alle desse aari! Og kor mykje hev det ikkje vore ofra av sjølvgløymande idealistar! Ofte kunde det sjaa ut som alt stræv var faafengt; men aldri gav dei upp. Seig det sumne i striden, so kom der alltid nye folk med nytt mod og ny kraft og tok romet deira under merket.

Soleis er den nynorske bladsoga ogso ei sogaa um mennar med mod og aagangshug, med ei tru som ikkje gav upp og ein offerhug som aldri traud. Difor hev det og vore jamn *framgang* endaa motstandarane var ovsterke og hadde all pengemagti paa si sida. Visst er det endaa uendeleg langt att fyrr me fær ei fullnorsk pressa i Noreg; men naar me idag hev 5 dagblad og 40—50 andre blad og tidsskrift paa norsk, so lyt me likevel segja det hev muna. Den største framgangen hev vore dei siste 10—15 aari. Nokor mannjamning millom dei nynorske og dei